


Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 1 — APRIL 1977
10. ÅRG.



Høyretilhøva i Arna kirke

Dette nummeret av kyrkje-lydsbladet har særleg stansa opp ved dei hørselsvekka sine vanskar i samband med kyrkjegang. I Arna kyrkja er det endå til slik at ein slett ikkje treng vera hørselsvekka for å gå glipp av det som vert sagt. Det har vel dei fleste av oss opplevd.

Eigentleg avspeglar dei hørselsvekka sine problem, berre ein liten del av dei manglar som finns i kyrkjeset si utforming. I Arna kyrkje har hørselproblemet synt seg som det problem ein har funne det rett å gjera noko med aller fyrst.

Arna Sokneråd har gått inn for å anskaffa eit høyre/høgtalaranlegg som truleg vil kosta opp mot kr. 25.000.-. Då vil det verta gratis montert.

Pengar har ein ikkje — me ynskjer å gjera dette til ei bygdesak — vil du hjelpe?

Bydelsutval 11 og 12 har alt gått føre med godt eksempel og til saman gjeve kr. 3.500.-. Me takkar så mykje. Det har gått ut forespurnad til bankane og i desse dagar spør me industri/næringsliv i Arna om deira positive medverknad. Me har god grunn til å tru at desse vil gjeva solide bidrag.

I dette nr. av kyrkjelydsbladet presenterer me innstillingsaksjonen nærare og ber om di hjelp og. Vedlagt bladet er ein postgiroblankett som me ber deg fylla ut.

Kanskje nokon spør om

høyre/høgtalaranlegg i Ytre Arna?

Til det er å sei at det har me gjort lenge og ein har von om å koma høgt opp på «den kommunale prioriteringslista», når det gjeld anlegget der. Den utvegen har ein lite håp om å kunne nytte i Arna diverre. Innan so skulle henda har mange gått glipp av Guds ord i det kristne fellesskap.

Difor: Gjev di gåve til høyre/høgtalaranlegget i Arna kyrkje.

På førehånd mange takk.

Redaktørane.

Julekryssorden fikk vi 12 riktige løsninger på. Bravo!!!!

Heldige vinnere:

Tomas Hjelle, Nylendet 2D, 5260 Indre Arna. 7 1/2 år.

Arve Stein, Arnavegen 119, 5265 Ytre Arna. 13 år.

Anne Karin Mjelde, Lone, 5233 Haukeland. 10 år.

Bokpremiene blir sendt i posten og vi håper de faller i smak.

• *Nye kontor for sokneprest og diakon.* Ei gledeleg melding har kome: Bergen kommune-styre har vedteke at Borgstova skal innreist for kontor til sokneprest og diakon. Dei trøsteslause tilhøva i gamle preste-garden er truleg snart over.

• *Kyrkjekoret er i framgang både kvalitativt og kvantitativt.* Det har øving i Indre Arna kyrkje kvar tirsdag kl. 20.00 — 22.00. Bli med!!!!

Postgiro 3954328

AKSJON HØYREANLEGG

KVIFOR?

«Eg har ikkje lenger utbytte av å gå i kyrkja for eg høyrer så dårleg».

«Me gledde oss slik til å høyra presten sin tale til brudeparet, men høyrde berre eitt og anna ord». (Presten kan ikkje ropa då.)

«Eg kunne no få høyra kva presten seier når eg er den eine gongen i kyrkja om året, men i det mylderet av folk på julafta oppfattare ingenting».

Slike uttalelsar har det vore mange av berre det 1 1/2 året eg har vore diakonklokkar i Arna. Særleg uttalelsar av det fyrste slaget har gjort meg vondt å høyra. Det er mange eldre som brått har slutta å gå til kyrkje — kvifor? Dei klagar ikkje, men etter omvegar har me funne fram til mange. Det å sitja heile gudstenesta og streva med høyreapparatet for å få med seg mest mogeleg, er ikkje særleg givande i lengda. Då vert dei heller heime «og høyrer på radio». Men me savnar dei i det kristne fellesskapet! Me lyt gjera noko for å få dei mellom oss att!

Som sagt så gjort: Under-teikna fekk i oppdrag å skaffa tilbod på høgtalar/høyreanlegg. Ein person som har gjort mykje for dei hørselsvekka i vårt bispedøme ingenior Oddmund Vik, Åsane skreiv me til og fekk m.a. dette svaret.. «Det siste nye på området består av en adskillig kraftigere

forsterker på hele 100 watt. Den har også adskilte kanaler for teleslynge og høytalere. Det oppsiktsvekkende ved dette systemet er mikrofoninngangen. En liten batteridrevet sender som presten bærer i lommen er tilkoblet en mikrofon som bæres i en snor rundt halsen.

Fordelene med dette systemet er innlysende. Presten har alltid sin mikrofon i riktig avstand, også f.eks. ved dåp, konfirmasjon, konfirmant-overhøring o.s.v. Det hører også med en mikrofon på stativ for bruk i kordøren til f.eks. klokkeren.


På grunn av den store utgangseffekten på forsterkeren, kan det kobles til flere høytalere på dette anlegget om nødvendig.

Prisen på dette anlegget ligger på ca. kr. 19.000.- pluss moms (juni/76), med høytalere og telesløyfe. Monteringen utføres gratis.»

No er det pengar det står på. Bydelsutval 11 og 12 har gjeve oss kr. 3500.- til saman. Bankane er tilskrevne med spørsmål om hjelp og industri, næringsliv vil me be om hjelp. Dette trur me skulle vera ei oppgåve for bygda!

Me bed deg fylla ut vedlagde postgiroblankett. På førehand takk!

*Åge Clausen
Aksjon høyreanlegg.*



Hører De dårlig?

I DENNE KIRKEN
kan De allikevel høre
godt ved hjelp av kirkens
teleslyngeanlegg.

- A. De som har høreapparat selv, kan stille apparatets bryter på merke «T» (telefonspole). Da vil apparatet virke som høretelefon — og prekenen tas inn uten bakgrunnsstøy.
- B. De som ikke har høreapparat, kan få låne apparat i kirken, ved inngangen. Kirketjeneren eller klokkeren vil eventuelt veilede om bruken.

Et godt råd:

Sitt slik at De tydelig kan se den som taler!
Da oppfattes ordene enda bedre.

«Hvorledes kan de tro, der de ikke har hørt?»

Rom. 10.14.

MØTEPROGRAM FOR ARNA UNGE HJEM VÅREN 1977

Onsdag 20. april: Å åpne hjemmet for barna v/lektor Kjellfrid Kjær Smemo.

NB. Møtene avholdes på Ådnemarka skole (tilfluktsrommet) kl. 20.00.

Helgen 4. og 5. juni, Familieweek-end, Sætervika i Samnanger. Hjertelig velkommen til et ungt og kristent miljø.

UNGE HJEMS KOMITE

Påskemøter på «Betania» Lone

Skjærtorsdag kl. 20.00: Tale: Lars Røykenes.

Langfredag kl. 20.00: Tale: Birger Olsnes.

1. påskedag kl. 20.00: Tale: Malvin Io.

2. påskedag kl. 11.00: Tale: Malvin Io.

2. påskedag kl. 20.00: Tale: Malvin Io.

Alle er velkomne.
NORGES SAMEMISJON

Barnas side

Salmer 73 har også rikelig med gode barnesanger. Vi gjengir en av dem:

De trodde at Jesus var borte.
De trodde at Jesus var død.
Da kom han på stranden en morgen som lyste rød.

Han stod midt i blant dem som alltid. Et bål lyste opp med sin glød.

Han lot dem få fiske i garnet og gav dem brød.

Tro ikke at Jesus er borte.
Tro ikke at Jesus er død.

Han lever og gir oss å spise av livets brød.

Fint gjort

Ein lørdags ettermiddag kom det inn ein flokk på seks jenter og ringte på døra til prestekontoret i Ytre Arna.

Ja, kva var det desse ville då? Jau, dei hadde laga butikk og halde utlodning og fått inn kr. 124.- og no var det spørsmål om presten ville sende pengane til «Redd Barna».

Vi synest dette var fint gjort, og vi har lyst til å takke desse jentene som er Janne Koppen, Linda Litlekalsøy, Lisbeth Bognøy, Vigdis Askeland, Linda Skjoldal og Nina Koppen.

Kanskje andre jenter og gutarkunnetta opp same ideen?

Helsing til kyrkjelydane i Arna

Det er alltid med ei viss spenning ein tek til på noko nytt. Det var med ei sitrande forventning eg drog til Oslo ein haustdag i 1970. Og det var med store voner eg kom hit til Arna att ein dag no i februar. Eit tidsrom på sju år ligg mellom. Og i desse åra har eg altså studert teologi ved Menighetsfakultetet. No lir det mot slutten av studietida, ja den tid ein gjekk kring og var student er faktisk slutt. Eg held på med praktikum — det siste året av presteutdanninga. Som det går fram av namnet, er det fyrst og fremst praksis vi skal ha dette året. difor er eg no i kyrkjelydane her i Arna. Og her skal eg ha praksis til 6. mars. Det har vore ei rik tid. Eg har fått vore saman med dei to prestane — og dei har gjeve meg mange verdifulle råd og god rettleiing. Den fine mottakinga eg her fått har gjort meg godt. Dei har vore med og ført meg inn i

kyrkjelydane, og det har vore gildt å få møta dykk alle. Særleg tenkjer eg på dykk konfirmantar. Fire grupper har eg fått vore saman med, og vi har tatt opp forskjellige emne: kven Jesus er og kva han har gjort, kva bøn er det for eit privilegium det er å få be, for å nemna noko. Men eg har sjølv sagt møtt mange andre også. I Indre Arna fekk eg ta del ved ein ungdomsgudsteneste. Eg har møtt nokre av dykk i samband med kyrkjelege handlingar, dåp, brudlaup og gravferd. Vidare har eg vore med på aldersheimen, og eg har fått vore på husbesøk. Jau, så må eg ikkje gløyma det koselege eldre-treffet i trygdebustadane heri Ytre Arna. Mykje meir kunne eg ta fram. Men no vil eg berre takka for meg og ynskja dykk alle Guds velsigning i tida framover.

*Beste helsing
Nils Arne Lavik.*

• Diakonklokke Åge Clausen har sagt opp si stilling i Arna for å gå over i stilling som sosisjef i Osterøy frå 1. juli d.å. Me tar ein nærmare prat med han i neste nr. av kyrkjelydsbladet, for i dette nummeret ville han ha mest mogeleg plass til «aksjon høyreanlegg».

• Det er svært gode utsikter for å få ny diakonklokke etter Clausen. Det og vil me koma nærare inn på i neste nr.

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørger oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

• Diakoniutvalet er no i full gang med planlegging av si verksemd. Vakansen i diakonklokkestillinga har bremsa noko, men her skulle vera oppgåver nok for dei fleste i kyrkjelyden skal me døma etter erfaringar frå andre kyrkjelyder der diakoniutval er skipa Til denne verksemda trengs pengar — eit naudsynt onde — som meskalfå bruka til å gjera det gode. Diakoniutvalet har postgironr. 3954310. Me vonar kyrkjelydslemer vil sjå dette som si faste gjevarteneste!!!!

Velkommen til kyrkje

Preikeliste for Arna

- 20/03: Arna: Familiegudsteneste ved sokneprest Tvedt. Kyrkjekoret. Offer til Arna kyrkjelyd sin dagheim.
Kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste ved res.kap. Fykse. Arna Ten Sing.
Ytre Arna: Res. kap. Fykse.
- 27/03: Arna: Res. kap. Fykse og cand.theol. Svein Skarholm. Offer til Menighetsfakultetet. Barnevakt.
Kl. 17.00: Kyrkjekonsert for born.
Ytre Arna: Sokneprest Tvedt.
- 03/04: Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Innsamling av fastebøsser. Nattv.
Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Nattverd. Innsamling av fastebøsser.
- 07/04: Skjærtorsdag. Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd.
Trengeid: Res. kap. Fykse. Nattverd.
- 08/04: Langfredag. Arna: Res. kap. Fykse.
Ytre Arna: Sokneprest Tvedt.
- 10/04: 1. påskedag. Arna: Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Tvedt. Offer til Den norske Sjømannsmisjon.
Ytre Arna: Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Fykse. Offer til Den norske Sjømannsmisjon.
Trengeid: Kl. 18.00 sokneprest Tvedt.
- 17/04: Arna: Res. kap. Fykse. Barnevakt.
- 24/04: Arna: Sokneprest Tvedt. Offer til Det Elå Kors. Barnevakt.
Kl. 19.00 Koralkveld.
Trengeid: Kl. 11.00. Res. kap. Fykse. Samtale med konfirmantane.
Ytre Arna: Kl. 19.00. Res. kap. Fykse. Samtale med konfirmantane. Kollekt.
- 01/05: Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd.
Ytre Arna: Kl. 10.00. Familiegudsteneste ved res. kap. Fykse.
Offer til Kristne arbeideres forbund.
- 03/05: Arna: Kl. 19.00. Sokneprest Tvedt og kateket Haugsvær. Samtale med konfirmantane.
- 04/05: Arna: Kl. 19.00. Sokneprest Tvedt og kateket Haugsvær. Samtale med konfirmantane.
- 08/05: Arna: Sokneprest Tvedt. Konfirmasjon. Offer til soknerådet.
Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Konfirmasjon. Offer til soknerådet.
- 15/05: Arna: Kl. 10.00. Sokneprest Tvedt. Konfirmasjon. Offer til soknerådet.
Kl. 12.15: Res. kap. Fykse. Konfirmasjon. Offer til soknerådet.
- 17/05: Arna: Kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Tvedt. Offer til Arna søndagsskulelag.
Kl. 10.00. Espelandshallen. Familieandakt ved kateket Haugsvær.
Ytre Arna: Kl. 10.00. Familiegudsteneste ved res. kap. Fykse.
- 19/05: Kristi himmelfartsdag. Arna: Res. kap. Fykse. Nattverd.
Ytre Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Offer til Det Hvite Bånd.
- 22/05: Arna: Sokneprest Tvedt.
Kl. 19.00 Ungdomsgudsteneste. Nattverd.
- 29/05: 1. Pinsedag. Arna: Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Tvedt. Offer til Nordhordland Indremisjon.
Ytre Arna: Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Fykse. Offer til Nordhordland Indremisjon.
Trengeid: Kl. 18.00. res. kap. Fykse. Nattverd.
- 30/05: 2. Pinsedag. Arna: Res. kap. Fykse. Hareid Indremisjonskor.